



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Sal 1. etg., Volda samfunnshus
Dato: 22.01.2019
Tid: 12.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Roald Arnold Espset	Odd Arne Folkestad	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	rådmann
Berit Sandvik Skeide	planleggar, OS 4/19
Regine Solberg Aklestad	planleggar og miljørådgjevar, PS 4/19 og OS 3/19
Malvin Kile	leiar anlegg og drift, PS 7/19
Nina Kvalen	spesialrådgjevar, PS 11/19
Stian Bjerkvik	rektor læringscenter, PS 11/19
Steinar Ose-Velle	barn og unge sin representant i plansaker



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 2/19	Asko Holding AS - orientering om planar BKB3 Myrane
PS 3/19	PlanID 2018004. Detaljreguleringsplan for BKB3 innanfor plan for E39 - Volda - Furene. Spørsmål om oppstart av planarbeid
OS 4/19	Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Plan for nye Volda kommune
PS 5/19	Høyring til Volda kommune - Samanslåing av Volda og Hornindal kommuner og regulering av bispedømeegrensse mellom Møre og Bjørgvin
PS 4/19	Rettleiar for leike- og aktivitetsområde
OS 3/19	Prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse
PS 6/19	Slutført prosjekt med sluttrapport, "Utbetring Botnavegen"
PS 7/19	Brøyting av Aldalen januar - mars 2019
PS 10/19	Søknad om støtte for nytt osteoporoseapparat ved Volda sjukehus
PS 9/19	Orienteringssaker
OS 5/19	Orientering om arbeidet med etablering av utstyrssentral i Volda
OS 6/19	Sunnmøre kulturnæringshage - Mandat - kartlegging av interessentar - forprosjekt Volda kunnskapspark
OS 7/19	Sunnmøre Regionråd - Protokoll frå representantskapsmøte nr. 4-2018 - Strategi 2019 Sunnmøre Regionråd
OS 8/19	Ørsta kommune - Melding om vedtak - Samferdselspakke Volda og Ørsta
OS 9/19	Vanylven kommune - uttale til E39, Voldatunnelen – Finansiering



VOLDA KOMMUNE

- OS 10/19 **Oppfølging av lovnadar om endra takstsone -
Ferjesambandet Volda-Lauvstad**
- OS 11/19 **Gbr 15/3 Ørstavegen 75 - Sanitetshuset – Notat**
- OS 13/19 **Oversendingsframlegg - Årsbudsjett 2019 og økonomiplan
2019-2022 - frå kommunestyret 13.12.2018 til
administrasjonen - Synergifordelar samla utbygging Volda
Campus Arena og nytt symjeanlegg**
- OS 14/19 **Sande kommune - Melding om politisk vedtak - Søre
Sunnmøre Tingrett – domstolgrenser**
- PS 11/19 **Busetjing av flyktningar**
- OS 15/19 **Om gåve til opning av Ørstahallen**

PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var ni møtande ved møtestart.
Det var ingen merknad til innkalling.

Sakliste:

Ordførar kom med fylgjande til saklista:

- Fylgjande saker er trekt: Sak OS 1/19 orientering frå Volda næringsforum og drøfting av framtidig samarbeid mellom Volda næringsforum og Volda kommune. Og PS 8/19 Volda rideklubb – kommunal garanti og økonomisk støtte.
- Sak OS 12/19 Støtte til osteoporoseapparat ved Volda sjukehus blir gjort om til PS10/19
- Ettersending. Orientering - Møtereferat frå møte med HMN RHF den 14.01.2019.
- Volda kommune v/ordførar vil sende brev til Fiskeridirektoratet om overfiske med ringnot og bruk av lysbåt i Austefjorden.
- Volda kommune v/ordførar vil sende brev til Helse Møre og Romsdal om at ein fråråde å legge ned tilbodet ved Mork rehabiliteringssenter.
- Ekstrasaker: Busetjing av overføringsflyktningar. Og fullmakt til gåve ved opning av nye Ørstahallen.

Dan Bjørneset:

- Vil at ein ser på utlysingsreglane når det gjeld store utbyggingsprosjekt og vilkåra for lokalt næringsliv.

Gunnar Strøm:

- Vil gjerne at Volda kommune støttar neste års felles fyrverkeri.



VOLDA KOMMUNE

Sølvi Dimmen:

- Oppmodar om at kommuna merkar bedre ladepunkta for Elbil slik at ein unngår at andre bilar ikkje parkerer på Elbilplassane ved rådhuset.

Anders Egil Straume:

- Vil ha oppfølging av anbod som for eksempel på Rotset.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg og endringar frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.

PS 2/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 04.12.2018 vart samrøystes godkjend.

OS 2/19 Asko Holding AS - orientering om planar BKB3 Myrane

Handsaming:

Gunnar Strøm reiste spørsmål om habilitet, han er svigerfar til ein part i sak, jf. kl. § 40 og fvl. § 6, 1.ledd, b. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet. Røysting habilitet (åtte røysteføre): Gunnar Strøm vart samrøystes kjent inhabil.

Orientering:

Asko Holding AS v/Arne Johan Rebbestad orienterte og presenterte planane for BKB3 på Myrane i Volda.

PS 3/19 PlanID 2018004. Detaljreguleringsplan for BKB3 innanfor plan for E39 - Volda - Furene. Spørsmål om oppstart av planarbeid

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet gir i medhald av plan- og bygningslova, § 12-8, godkjenner at det vert varsla oppstart av privat reguleringsplanarbeid for BKB3 innanfor områdeplan for E39 Volda Furene.

Handsaming:

Røysting (8 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 22.01.2019

Formannskapet gir i medhald av plan- og bygningslova, § 12-8, godkjenner at det vert varsla oppstart av privat reguleringsplanarbeid for BKB3 innanfor områdeplan for E39 Volda Furene.

Gunnar Strøm tok sete.

OS 4/19 Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Plan for nye Volda kommune

Handsaming:

Planleggar Berit Sandvik Skeide hadde ei kort orientering.

Det kjem ei sak til Fellesnemnda 07.02.19 der ein blir invitert til å vedta oppstart av plan for nye Volda.

PS 5/19 Høyring til Volda kommune - Samanslåing av Volda og Hornindal kommuner og regulering av bispedømegrense mellom Møre og Bjørgvin

Administrasjonen si tilråding:

Volda formannskap tilrår fylgjande:

- 1. Møre bispedømeråd si grense skal følgje ny regionsgrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Møre Bispedøme.*
- 2. Søre Sunnmøre Prosti si grense skal følgje ny bispedømegrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Søre Sunnmøre Prosti.*
- 3. Kyrkjeleg fellesnemnd føreset at presteressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal sokn (stipulert til 50% stilling) vert overført til Møre bispedøme og Søre Sunnmøre Prosti. Dette for å sikre framleis gode kyrkjelege tenester for innbyggjarane i heile det nye fellesrådsområde.*

Handsaming:

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken. Oversending til Fellesnemnda.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 22.01.2019 til Fellesnemnda

Volda formannskap tilrår fylgjande:



VOLDA KOMMUNE

- 1. Møre bispedømeråd si grense skal følgje ny regionsgrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Møre Bispedøme.*
- 2. Søre Sunnmøre Prosti si grense skal følgje ny bispedømegrense slik at Hornindal sokn vert ein del av Søre Sunnmøre Prosti.*
- 3. Kyrkjeleg fellesnemnd føreset at presteressursane som Bjørgvin bispedøme i dag har i Hornindal sokn (stipulert til 50% stilling) vert overført til Møre bispedøme og Søre Sunnmøre Prosti. Dette for å sikre framleis gode kyrkjelege tenester for innbyggjarane i heile det nye fellesrådsområde.*

PS 4/19 Rettleiar for leike- og aktivitetsområde

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek dokumentet «Rettleiar for leike- og aktivitetsområde» til vitende, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar.

Handsaming:

Planleggjar og miljørådgjevar Regine Solberg Aklestad orienterte om Rettleiar for leike- og aktivitetsområde.

Barn og unge sin representant i plansaker Steinar Ose-Velle møtte

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 22.01.2019 til Kommunestyret

Kommunestyret tek dokumentet «Rettleiar for leike- og aktivitetsområde» til vitende, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar.

OS 3/19 Prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse

Handsaming:

Planleggjar og miljørådgjevar Regine Solberg Aklestad orienterte.



VOLDA KOMMUNE

PS 6/19 Sluttført prosjekt med sluttrapport, "Utbetring Botnavegen"

Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret tek sluttrapport i prosjekt «Utbetring Botnavegen» til vitande.*
2. *Overskridingar i prosjektet vert finansiert av ubrukte lånemidlar frå prosjekt «Øyra skule». Dette ved å flytte kr 3 280 000 mellom prosjekta.*

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 22.01.2019 til Kommunestyret

Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret tek sluttrapport i prosjekt «Utbetring Botnavegen» til vitande.*
2. *Overskridingar i prosjektet vert finansiert av ubrukte lånemidlar frå prosjekt «Øyra skule». Dette ved å flytte kr 3 280 000 mellom prosjekta.*

PS 7/19 Brøyting av Aldalen januar - mars 2019

Administrasjonen si tilråding:

1. *Vegen over Aldalen vert halden open så lenge det finst midlar frå Statens vegvesen. Når desse midlane er brukt opp, vert vegen stengd.*
2. *Volda kommune har ikkje kompetanse til å vurdere skredfare. Føresetnaden for å halde oppe vegen etter punkt 1 er at Statens Vegvesen tek ansvar for å vurdere skredfare.*

Handsaming:

Malvin Kile frå teknisk sektor var tilstades for orientering og svare på spørsmål.

Frå ordførar Jørgen Amdam: Forslag til vedtak i sak 7/19

1. Volda kommune løyver inn til 50.000 kr. frå formannskapet sin disposisjonskonto til å halde vegen over Aldalen open.
2. Vegen over Aldalen vert halden open så lenge det fins midlar frå Statens vegvesen og Volda og Ørsta kommunar. Når desse midlane er brukt opp, vert vegen stengt.
3. Volda kommune har ikkje kompetanse til å vurdere skredfare. Føresetnaden for å halde oppe vegen etter punkt 2 er at Statens Vegvesen tek ansvar for å vurdere skredfare.

Gunnar Strøm foreslo å snu om på pkt. 1 og 2. Formannskapet samla seg om den endringa.



VOLDA KOMMUNE

Røysting (9 røysteføre):

Ved røysting fekk ordførar sitt framlegg 9 røyster og adm.si tilråding fall.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 22.01.2019

- 1. Vegen over Aldalen vert halden open så lenge det fins midlar frå Statens vegvesen og Volda og Ørsta kommunar. Når desse midlane er brukt opp, vert vegen stengt.*
- 2. Volda kommune løyver inn til 50.000 kr. frå formannskapet sin disposisjonskonto til å halde vegen over Aldalen open.*
- 3. Volda kommune har ikkje kompetanse til å vurdere skredfare. Føresetnaden for å halde oppe vegen etter punkt 2 er at Statens Vegvesen tek ansvar for å vurdere skredfare.*

PS 10/19 Søknad om støtte for nytt osteoporoseapparat ved Volda sjukehus

Habilitet:

Dan Bjørneset reiste spørsmål om habilitet, han sit i aksjonsgruppa for aksjonen (jf. kl. § 40 og fvl. § 6, 1.ledd, e, nr. 2). Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet. Røysting habilitet (åtte røysteføre): Dan Bjørneset vart samrøystes kjent inhabil.

Handsaming:

Framlegg frå administrasjonen å gjere om saka frå orienteringssak til politisk sak.

Kommunestyret løyver kr. 100.000,- til aksjon ny DEXA-scanner ved Volda sjukehus. Dekning av ubundne driftsmidlar. Oppmoding til kommunene i sjustjerna samt Nordfjord regionråd om å gjere løyving til aksjonen.

Røysting (8 røysteføre):

Forslaget vart støtta med 8 røyster.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 22.01.2019 til kommunestyret

Kommunestyret løyver kr. 100.000,- til aksjon ny DEXA-scanner ved Volda sjukehus. Dekning av ubundne driftsmidlar. Oppmoding til kommunene i sjustjerna samt Nordfjord regionråd om å gjere løyving til aksjonen.

Dan Bjørneset tok sete.



VOLDA KOMMUNE

PS 9/19 Orienteringssaker

OS 5/19 Orientering om arbeidet med etablering av utstyrssentral i Volda

OS 6/19 Sunnmøre kulturnæringshage - Mandat - kartlegging av interessentar - forprosjekt Volda kunnskapspark

Handsaming:

Formannskapet vil gi signal tilbake om at dette prosjektet kan takast vidare.

OS 7/19 Sunnmøre Regionråd - Protokoll frå representantskapsmøte nr. 4-2018 - Strategi 2019 Sunnmøre Regionråd

OS 8/19 Ørsta kommune - Melding om vedtak - Samferdselspakke Volda og Ørsta

OS 9/19 Vanylven kommune - uttale til E39, Voldatunnelen - Finansiering

OS 10/19 Oppfølging av lovnadar om endra takstsone - Ferjesambandet Volda-Lauvstad

OS 11/19 Gbr 15/3 Ørstavegen 75 - Sanitetshuset - Notat



VOLDA KOMMUNE

OS 13/19 Oversendingsframlegg - Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022 - frå kommunestyret 13.12.2018 til administrasjonen - Synergifordelar samla utbygging Volda Campus Arena og nytt symjeanlegg

Handsaming:

Rådmannen opplyste at det kjem ei eiga sak om dette i formannskapet 05.02 samt i kommunestyret 13.02.2019.

OS 14/19 Sande kommune - Melding om politisk vedtak - Søre Sunnmøre Tingrett - domstolgrenser

PS 11/19 Busetjing av flyktningar

Handsaming:

Administrasjonen orienterte formannskapet om konkret førespurnad frå staten v/IMDi om busetjing av overføringsflyktningar, ein familie på 8 personar, som del av kvoten for busetjing av flyktningar i 2019. Dette sidan kommunestyret først skal ta stilling til oppmoding om busetjing av flyktningar i 2019 i møte 14.02.19. Kommunen har ledig ein stor familiebusstad som eignar seg til føremålet. Bustaden er finansiert med 40 pst. bustadtilskot frå Husbanken, som er under avskrivning. For å unngå at tilskot må tilbakeførast er det føresett at bustaden nyttast til flyktningar. For å gi borna ein god skulestart etter busetjing, vil oppvekstsektoren omfordele ressursar internt i sektoren.

Røysting (9 røysteføre):

Formannskapet gav tilslutning til busetjing av familien.

Tilråding i Formannskapet - 22.01.2019

Administrasjonen orienterte formannskapet om konkret førespurnad frå staten v/IMDi om busetjing av overføringsflyktningar, ein familie på 8 personar, som del av kvoten for busetjing av flyktningar i 2019. Dette sidan kommunestyret først skal ta stilling til oppmoding om busetjing av flyktningar i 2019 i møte 14.02.19. Kommunen har ledig ein stor familiebusstad som eignar seg til føremålet. Bustaden er finansiert med 40 pst. bustadtilskot frå Husbanken, som er under avskrivning. For å unngå at tilskot må tilbakeførast er det føresett at bustaden nyttast til flyktningar. For å gi borna ein god skulestart etter busetjing, vil oppvekstsektoren omfordele ressursar internt i sektoren.



VOLDA KOMMUNE

OS 15/19 Om g ve til opning av  rstahallen

Handsaming:

I h ve opning av ny  rstahall ynskjer ordf rar   gi g vesjekk som skal g  til innkj p av stolar. Han har eit mandat p  kr. 5000,- og ynskjer   heve dette til kr. 10.000,- denne gongen.

R ystring (9 r ystef re):

Formannskapet ga si st tte til dette forslaget.

Samr ystes vedtak i Formannskapet - 22.01.2019

*Ordf rar gir ein g vesjekk p lydande kr. 10.000,- til den nye  rstahallen.
Pengane skal nyttast til innkj p av stolar.*

M te slutt kl. 16.10

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
23.01.2019

Bente Kristin Kr vel
konsulent